

Til medlemene i Osterøy Lammering.

Medlemene i Osterøy Lammering har nyleg fått tilsendt heftet « **Lammesesongen 2015**» frå Nortura. Heftet gjev ei grundig orientering om tiltak for å få best mogeleg utbytte av slaktedyra du har tenkt å levera i haust. Ta vare på heftet, og bruk det når du skal planlegga innmelding av slakt.

I haust er det sesongtillegg på vaksen sau frå veke **32** (3. aug) til og med veke **36** (31. aug.), og frå veke **42** (12. okt.) til og med veke **45** (2. nov.). Pass på å levera dei vaksne sauene i desse periodane, slik at me unngår slakting av vaksen sau i ein travel lammesesong.

For lam er det topp-pris fram til og med veke 34 (17. aug), deretter vert prisen trappa ned utover hausten som vanleg.

Lammeringen har sett opp levering **Veke 34** (frå 17.aug.), **veke 36** (frå 31.aug), **veke 38** (frå 14. sept.), **veke 39** (21. sept), **veke 40** (frå 28.sept.), **veke 41** (frå 5. okt.), **veke 42** (frå 12. okt.), **veke 43** (frå 19. okt.), **veke 44** (frå 26. okt.) **og veke 46** (frå 9. nov.).

Dersom det er slaktedyra att etter veke 46 som de ynskjer å levera før nyttår, kan me samla opp til ei levering heilt på slutten av året.

Bruk vekt, og kjenn på ryggen på lamma om dei er klare for slakting!!

Lukke til med sauesankinga og haustsesongen.

Helsing
Eiliv Veseth